



Rutineskildring

Kyrkjevert i Stedje kyrkje

Føremål

Ordninga med kyrkjevert skal sikre:

- at alle vert ønskte velkomne til gudsteneste og får den informasjonen dei treng
- at vi har ekstra brannvakter ved gudstenestene.

Arbeidsoppgåver

Som kyrkjevert har du følgjande oppgåver:

- a) Møte seinast 45 minutt før gudstenesta byrjar og ta på eit eige skilt «Kyrkjevert» som vert lagt fram av kyrkjetenar.
- b) Ønskje vel møtt og dele ut salmebøker og/eller eige program for gudstenesta. Dei blå salmebøkene er med stor skrift, medan det berre er dei raude som har notar.
- c) I hylla der salmebøkene står, er det òg ark med liturgien for gudstenesta – òg på engelsk – samt «rapportskjema» for konfirmantane – om du ser at nokon har behov for det. Skjema frå konfirmantane skal leggjast i sakristiet, dersom presten ikkje tek dei med seg.
- d) På einskilde gudstenester vert det tolking på engelsk. Desse vert annonserte på førehand, og det er kyrkjeverten som er ansvarleg for utdeling av utstyr.
- e) Gje anna informasjon (kvar er toaletta, kvar finn eg presten, reserverte plassar mm).
- f) Dele ut og informere om kyrkjesekken på gudstenester/kyrkjelege handlingar som ikkje er særskild tilrettelagt for barn. Det er to utgåver av kyrkjesekken – for aldersgruppa 2-4 år og 5-8 år. Kyrkjeverten hentar fram sekkene og set dei på plass att.
- g) På ordinære gudstenester (høgmesse) der kyrkjesekken vert nytta, skal det vere to kyrkjevertar.
- h) Eventuelt informere om «barnekroken» - dette er spesielt viktig når det er barnedåp og eventuelt mange småsøsken.
- i) Vere brannvakt – det inneber at ein ser til at ingen sperrar utgangsdørene med stolar, barnevogner eller anna og er klar til å opne utgangsdørene ved behov. Det er eiga rutineskildring for brannvakter.

Arbeidsoppgåver - framhald

- j) Innsamling av offer saman med medliturg, når dette vert teke opp i benkene. Konfirmantane gjer gjerne dette når dei er med.
 - Byrje framme i kyrkja og gå bakover – ein på kvar side.
 - Gå fram i lag til slutt og lever offerposane til presten.
 - De står ved alterringen til presten er ferdig med å be for offergåva.
- k) Vere med å telje opp innkome offer etter gudstenesta saman med medliturg. Dette er det den faste kyrkjeverten som gjer.
- l) Sette salmebøkene på plass etter gudstenesta og rydde vekk eventuelle program.

Ved nokre gudstenester vil det vere konfirmentar som gjer teneste som kyrkjevert. Då er det kyrkjeverten si oppgåve å rettleie og hjelpe til om naudsynt.

Gruppeleiar

Gruppeleiaren din: Sigmar Aaberge, tlf. 404 02 693, e-post: saberge500@gmail.com

Gruppeleiaren sine oppgåver er mellom anna å vere med å rekruttere nye medarbeidarar, ta imot dei, lære dei opp og følgje dei opp.

Dersom du har spørsmål til tenesta som kyrkjevert eller tilbakemeldingar, kan du ta kontakt med den som er gruppeleiar.

Informasjon om faste samlingar

Den som er gruppeleiar for kyrkjevertane i Stedje kyrkje, vil 1-2 gonger i året samle alle kyrkjevertane til eit møte – der de t.d. kan utveksle erfaringar og kome med framlegg til endringar. Du vil òg verte invitert til medarbeidarsamling – til vanleg i september. Her vil du kunne møte frivillige frå alle 6 sokna.

Rutine ved byte av teneste eller forfall

Dersom du har forfall, er det fint om du kan gjere avtale om byte av dag direkte med ein av dei andre kyrkjevertane. Du må deretter gje melding om bytet via telefon eller SMS til både gruppeleiaren din og kyrjekontoret, m. 400 19 587.

Kyrjekontoret melder vidare til kyrkjetenaren.

Om bytet skjer etter kl. 15.00 på fredag, må du gje melding direkte til kyrkjetenar, m. 456 04 249. Dersom du ikkje finn ein vikar, må du så raskt som mogleg gje melding til gruppeleiaren.

Kyrjekontoret

- Sender ut liste/oversyn over kyrkjevertar kvart halvår. Kyrkjetenar får kopi.
- Kyrkjevertane skal ha den same informasjonen om gudstenesta som medliturgane.
- Kan bidra med rekruttering.
- Legg namn, tlf. og e-post til nye medarbeidarar inn i datasystemet.

Revisjon

Alle rutineskildringane skal kontrollerast ein gong for året (august) eller oftare om det vert gjort endringar. Det er soknerådet som har ansvar for dette – etter eventuelle innspel frå gruppeleiar – sjå årshjulet.